



TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE



Rutinar og sjekkliste
for barnehagane
i Sykkylven kommune



Innhald

- Kva er ein trafikksikker barnehage side 3
 - Kriterier side 3
 - Barnehagen dokumenterer side 3
 - Det pedagogiske arbeidet side 4
 - Våre trafikkreglar side 4
 - I tillegg har vi fokus på dette side 4
- Foreldrerolla i samarbeidet side 4
- Rutine for transport av barnehagebarn side 6
- Rutine – når vi går på tur side 8
- Rutine for uventa faresituasjonar og alvorlege hendingar side 10
- Sjekkliste for barnehagane side 11



Kva er trafikksikker barnehage?

«Trafikksikker barnehage» er eit konsept som er utvikla for å kvalitetssikre at barnehagen sitt trafikktryggingsarbeid tek i vare dei krav som lover og foreskrifter stiller. På nokre punkt krev vi også tiltak utover minstekrava i lovverket. At Sykkylven er ein «Trafikksikker kommune» er ingen garanti for at det ikkje skjer ulykker i framtida, men gjennom høgare bevisstheit hos tilsette, barn og foreldre vil risikoene bli mindre.



Kriterier

Nokre kriterier handlar om vårt arbeid i barnehagen, medan andre rettar seg mot foreldra.

- Trafikktryggleik er integrert som ein del av barnehagen sitt omsorgs- og opplæringsarbeid og skal nedfellast i barnehagen sin årsplan
- Det vert stilt krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker framferd ved kjøp av transporttenester
- Foreldre skal involverast i barnehagen sitt tryggleiksarbeid
- Vi har rutine for å ivareta tryggleik på parkeringsplass og ved port. Dette blir gått igjennom med foreldra årleg
- Det vert stilt «krav» til foreldra om å sikre barn på veg til og frå barnehagen
- Tilsette kjenner til rutine for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på tur
- Tilsette kjenner til rutine for å ivareta tryggleiken på tur til fots, med bil eller buss
- Barn lærer enkle trafikkreglar for fotgjengarar
- Barn lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks

Barnehagen dokumenterer

Barnehagane i Sykkylven skal dokumentare at dei arbeider for å oppfylle krava til å bli definert som trafikksikker barnehage. Dette skal gjerast ved å fylle ut ei eiga sjekkliste, samt handle i tråd med vedtekne rutinar som gjeld barnehagane og trafikktryggingsplanen for Sykkylven kommune.

Det pedagogiske arbeidet

Arbeidet med trafikktryggleik er viktig og skal vere nedfelt i barnehagen sin årsplan.


Trafikkopplæringa skal vere ein integrert del av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barna skal lære

seg trafikkreglar for gåande, bruk av sansane i trafikken, og bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.

Kvar gong vi er på tur snakkar vi med barna om kva ein må tenkje på når ein ferdast i trafikken. Dette er ein viktig læringsituasjon der teori og praksis blir vevd saman på ein naturleg måte. Barnehagen står fritt i val av pedagogisk opplegg.

Våre trafikkreglar

- Vi brukar stiar, fortau og gangveg (der det fins).
- Ved kryssing av veg brukar vi gangfelt/under- eller overgang (der det fins).
- Vi stoppar og ser til begge sider før vi går over vegen.
- Vi går alltid på venstre side når vi går langs ein bilveg
- Vi går på ei rekke langs vegen



I tillegg har vi fokus på dette

- Dei vaksne plasserer seg – ein fremst og ein bakerst. Er det fleire vaksne plasserer dei seg i midten der det er tenleg
- På tur har alltid barn og vaksne på seg refleksvest
- Vi snakkar om at vi ikkje kan stole på at alle bilar stoppar

Foreldrerolla i samarbeidet

I arbeidet med trafikktryggleik skal barnehage og heim samarbeide. Barnehagane i Sykkylven tek ansvar for at trafikktryggleiken årleg blir teke opp som tema på foreldremøte.

Det er forventa at foreldra følgjer desse punkta:

1. Alle barn i bil er sikra etter gjeldande tilråding
2. Parkeringsplassen: For å minske risiko for påkjørsel tilrår vi at alle ryggar inn på parkeringslomma, der dette er aktuelt
3. Slå av tenninga og lås bilen før du går ifrå han
4. Sikring av portane: Alle vaksne let att porten når dei kjem og går



Foreldra er rollemodellar og førebilete for barna. Det er viktig at dei har eit bevisst forhold til eigen framferd i trafikken. Her er ei lita sjekkliste:

- Eg går alltid roleg over vegen
- Eg ser alltid begge vegar
- Eg går alltid på venstre side
- Eg stoppar alltid ved fotgjengarfeltet/overgang før eg går over vegen
- Eg stengjer alltid porten til barnehagen
- Eg ryggar alltid bilen inn til parkering
- Eg slår alltid av tenninga og låser bilen før eg går ifrå han
- Eg brukar alltid bilbelte. Sjølv på korte turar
- Eg brukar alltid sykkelhjelm
- Eg brukar alltid refleks

Kan du svare JA på alt dette er du eit godt førebilete for barna!





SYKYLVEN

RUTINE FOR TRANSPORT AV BARNEHAGEBARN I SYKYLVEN KOMMUNE

Barnehagane har eit stort ansvar for å førebygge skadar og ulykker når barna skal fraktast til og frå ulike arrangement og aktivitetar. Når vi nyttar transportmiddel i form av privatbil, taxi eller buss skal barna vere sikra etter gjeldande forskrifter:

- Forskrift om bruk av personlig verneutstyr under kjøring med motorvogn
- Forskrift om tekniske krav og godkjenning av kjøretøy, deler og utstyr (kjøretøyforskriften)

På enkelte punkt meiner vi at minstekrava i regelverket ikkje sikrar god nok tryggleik for barna. På desse områda stiller vi difor særskilte krav som er strengare enn dei lovfesta minstekrava.

Samtykke:

Barnehagane skal på førehand innhente samtykke frå foreldre/føresette for å kunne frakte barna med privatbil, taxi eller buss. Dette samtykket skal vere skriftleg. Dersom nokon reserverer seg skal følgjande vurderast:

- Om det fins alternative transportmåtar for barnet
- Om foreldre/føresette har høve til å køyre barnet sjølv
- Om barnet kan bli igjen i barnehagen saman med andre barn/avdelingar



Fylgjande rutinar skal gjelde:

1. Transport med buss eller maxi-taxi:

- Alle barn skal sikrast med trepunktsbelter
- Ved bestilling av buss/taxi skal barnehagen alltid høyre kor vidt selskapet kan tilby trepunktsbelter og Barneseter/bilputer til alle barna. Det selskapet som i størst grad innfrir dette ønsket bør få transportoppdraget. Tryggleik skal vege tyngre enn økonomi.
- Barn under 15 kilo eller 100 cm skal sitje sikra på godkjent vekttilpassa Barnesete (bilpute er forbode)
- Barn over 15 kilo eller 100 cm bør sitje sikra på godkjent bilpute eller Barnesete
- Når buss- eller transportselskapa ikkje kan innfri ønsket om bilpute/barnesete til alle, skal barnehagen sjølv ta med slikt utstyr så langt det er praktisk mogleg

2. Transport med personbil (eller vanleg taxi):

- Dersom tilsette ved særlege transportbehov må frakte barn i eigen bil, skal dette vere frivillig, då det er eit stort ansvar å ta på seg
- Bilen skal vere EU-godkjend og oppfylle alle lovmessige krav
- Alle barn skal sikrast med trepunktsbelter
- Barn under 15 kilo eller 100 cm skal sitje sikra på vekttilpassa Barnesete (bilpute er forbode)
- Barn over 15 kilo eller 100 cm skal sitje sikra på godkjent bilpute eller Barnesete

Alle transportmiddel skal vere godkjende etter gjeldande regelverk på området.





NÅR VI GÅR PÅ TUR

Rutine for dei kommunale barnehagane i Sykkylven

- Ha alltid med mobiltelefon på tur
- Ha alltid med førstehjelpsutstyr og medisin dersom nokon av barna brukar det
- Ha alltid med liste (på ark eller digitalt) over barna sine namn og føresette sine telefonnummer
- Som hovudregel skal alltid vere minst to vaksne med på tur (kan gjerast unntak for turar med t.d. berre eitt barn)

På korte eller lengre turar i nærmiljøet

1. Ha oversikt over kven og kor mange barn som skal vere med på tur
2. Still opp ved porten og tel over at alle er med
3. Ved lengre turar/store grupper skal ansvaret for barna fordelast på dei vaksne. Kvar voksen får ansvar for eit visst tal barn. Skriv namna på ein lapp eller lagre namna på mobiltelefon. Lista skal vere lett tilgjengeleg. Den vaksne har ansvar for desse barna under heile turen. Samla tal på vaksne må vere tilstrekkeleg for å ivareta tryggleiken til barna
4. Tel barna med jamne mellomrom på heile turen
5. Det skal alltid gå ein voksen først og sist. Ein voksen skal ikkje gå åleine på tur med ei gruppe barn (hovudregel)
6. Som hovudregel skal alle barn/vaksne skal nytte refleksvest
7. Barna lærar å gå på rett side av vegen der det ikkje er fortau. Når vi møter bilar går vi inn til sida og stoppar opp
8. Når vi skal krysse ein veg, stoppar vi alltid og ventar til bilane har passert. Barna øver på å sjå seg føre til begge sider før vi kryssar vegen raskt og kontrollert
9. Vi snakkar om trafikkreglar og skilt, og lærer å bruke sansane våre i trafikken
10. Langs trafikkert veg utan fortau skal barna gå i rekke, halde kvarandre i hendene eller halde i eit tau
11. Når vi går tilbake til barnehagen: Alle barna stiller seg opp. Tel over at alle barna er til stades før vi byrjar og gå
12. Når vi er tilbake i barnehagen: Tel over barna på nytt

Dersom barn vert borte på tur

1. Ein vaksen passar dei andre barna. Dei andre vaksne leitar i området der vi er/har vore
2. Varsle styraren som organiserer hjelp frå barnehagen
3. Om ein ikkje finn barnet, skal ein ringe 112 og varsle foreldra

Dersom eit barn blir borte i barnehagen følgjar vi punkt 1-3 på rutine «Dersom barn vert borte på tur».





RUTINE FOR HANDTERING AV UVENTA FARESITUASJONAR OG HENDINGAR PÅ TUR

Sjølv om barnehagane i Sykkylven har gode rutinar for førebygging av trafikkuhell, og ein nullvisjon i høve trafikkskadar, er dette ingen garanti mot at uhell/skadar kan inntreffe.

Dersom det oppstår uventa faresituasjoner eller alvorlege hendigar på tur har barnehagane rutine for korleis dette skal handterast. Alle tilsette skal ha fått opplæring i barnehagen sine trafikktryggleiksrutinar. Følgjande skal alltid vere med på tur:

- Mobiltelefon
- Telefonnummer til legehjelp, akutthjelp og politi
- Oversikt over alle barna, liste over foreldre/føresette med telefonnummer
- Førstehjelpsutstyr (evt medisinar dersom nokon av barna brukar det)

Prosedyre ved akutt skade og ulukke:

Fase 1:

- Undersøk skadeomfanget til barnet og yt førstehjelp (stanse blødningar, stabilisere beinbrot, evt. hjarte-/lungeredning, stabilt sideleie)
- Kontakt legehjelp. Ved alvorleg skade, eller du er usikker, ring 113 samstundes med at førstehjelp blir gitt
- Varsle politiet
- Varsle styrar/barnehage
- Kontakt foreldre/føresette til det skadde barnet og informer dei om situasjonen (NB: Meld aldri eit dødsfall over telefon. Det er alltid prest/politi som skal varsle om dødsfall). Det skal ikkje gjevast ut informasjon til utanforståande før foreldre/føresette er informerte
- Ta hand om dei andre barna og yt «psykologisk førstehjelp»
- Dersom foreldra ikkje er fysisk tilgjengelege skal minst ein frå personalet vere med barnet til lege/sjukehus

Fase 2:

- Styrar, eventuelt avdelingsleiar, informerer kommunalsjef oppvekst
- Barn og personale samlast for å snakke om det som har skjedd. Det er viktig å bearbeide hendinga
- Ingen utanom styrar, eventuelt kommunalsjef, uttalar seg til presse/media
- Skademeldingsskjema blir fylt ut og sendt inn snarast mogleg etter ulukka
- Styrar (og evt verneombod eller leiar i omsorgsberedskapen) vurderer kva som skal skje av vidare oppfølging (jf Plan for omsorgsberedskap i Sykkylven kommune)
- Dei som treng det skal tilbydast profesjonell hjelp/oppfølging
- Evaluering

Det er viktig at vi følgjer våre vanlege rutinar med å skrive avvik og evt. skademeldingar. Dersom vi erfarer trafikkfarlege område i vårt nærmiljø, er det viktig at dette vert dokumentert, til dømes ved bruk av biletar, slik at vi kan ta saka vidare med trafikktryggleiksansvarlege i kommunen.



SJEKKLISTE FOR BARNEHAGANE

TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Sjekkliste	Kryss ut
Arbeidet med trafikktryggleik er nedfelt i årsplanen	
Trafikktryggleik er tema på foreldremøte. Minst ein gong i året (hausten)	
Alle foreldre vert informert om sikring av barn på veg til/frå barnehagen	
Alle foreldre og tilsette vert informert om rutinane for å ivareta tryggleik på parkeringsplass og ved port	
Alle tilsette kjenner til rutinane for å ivareta tryggleiken på tur til fots, med personbil og med taxi/buss	
Ved kjøp av transporttenester vert det stilt krav til buss- og taxiselskap i tråd med utarbeidde rutinar	
Barna skal lære om trafikkreglar og trygg fremferd for fotgjengarar. Dette skal vere ein integrert del av barnehagen sitt arbeid når ein er på tur til fots	
Barna skal lære om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks	
Alle tilsette kjenner til rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på turar	

Barnehage:

Signatur styrar:

Dato: